

ÅRSMELDING

2019



DEN NORSKE KYRKJA

Askvoll sokn

1 .0 INNLEIING OG GENERELT

Personale

Vi har ikkje hatt endringar i personalsituasjonen i 2019 av soknets tilsette. Kyrkjelydspedagogstillinga har vore vakant heile året. Likevel har det i staben vore skifte av sokneprest i løpet av året. Stein Hugo Fykse slutta i januar, og Kjell Olav Høstaker Nordheim tok til i stillinga i Askvoll i august. I tida med vakanse løyste ein dette med bruk av vikarprestar i kortare periodar.

Økonomi

Soknet hadde eit meirforbruk (underskot) på kr 14.998,- i drifta. Investeringsrekneskapen for 2019 går i balanse, etter at det er avsett kr 9.446,- til ubunde kapitalfond.

Investeringsprosjekt

Det har vore eit lågt investeringsnivå i 2019 i likheit med føregåande år, og lågare enn opphavleg planlagt ved budsjettvedtaket. Samla investeringskostnad utgjer kr 1.267.058,- i 2019. Hovudårsaker til desse låge investeringane er at ein ikkje har fått arbeidd med anna enn planlegging og prosjektering av tiltaka tilbygg/brannsikring ved Vilnes kyrkje og parkeringsplass ved Vilnes kyrkje. Avventing på godkjenning av prosjektløysingane frå andre myndigheiter har óg ført til manglande progresjon.

Gravplassforvaltning

Arbeidet med opprydding i gravregisteret, herunder kartlegging av festarar og gravansvarlege og reetablering av tidlegare utløpte festeavtalar, heldt fram gjennom året. I løpet av året var det 91 utfakturerte festetilbod og totalt 60 gamle graver vart sletta i løpet av året.

Kyrkjevalet 2019

Arbeid med kyrkjevalet pågjekk heile 2019 ut til september månad.

2.0 ORGANISASJON

2.1 Askvoll sokneråd

Askvoll sokneråd er det lokale kyrkjestyret for Askvoll sokn. Soknerådet har både sokneråds- og fellesrådsfunksjon. Som sokneråd har rådet ansvar for å nære det kristelege livet i soknet og som fellesråd skal rådet forvalte dei kyrkjelege eigedommane i soknet (kyrkjebygg og gravplassar), arbeidsgivaransvar for dei som er tilsett i lokalkyrkja, forvalte lokalkyrkja sin økonomi, vere gravplastyresmakt og ivareta soknet sine interesser overfor kommunen.

Valde medlemmer (før og etter 1. nov.)

Jostein Gryte (leiar)
Wenche Ness Gabrielsen (nestleiar)
Harriett Norstrand
Halldis Rørvik
Arne Fedøy
Aud Eldrid Frøholm
Ingvild Loftheim
Leif Jørgen Leknes
Terje Mork
Else Stølen
1. vara Karen Anny Espedal
2. vara Sissel Hege Igland
3. vara Eva Iren Landøy
4. vara Egil Helge Tjønneland
5. vara Arne Martin Tjugum

Jostein Gryte (leiar)
Wenche Ness Gabrielsen (nestleiar)
Lillian Oddekalv Gjervik
Arnt Johny Langeland
Jarle Magnus Vilnes
Bjørn Arne Mjåseth
Ole Kistrup Vilnes
Terje Mork
Karen Anny Espedal
Solfrid Løvik Hellevang
1. vara Eva Iren Landøy
2. vara Stine Solheim Rørvik
3. vara Ingvild Loftheim
4. vara Kari Larsen Stang
5. vara Stian Lykkebø

Kommunen sin representant (før og etter 1. des.)

Anne Grethe Lien
Bjørn Arne Mjåseth (personleg vara)

Kristin Yndestad Rivedal
Aud Kari Steinsland (personleg vara)

Geistleg representant

Stein Hugo Fykse (t.o.m. 27. jan.)
Reidar Knapstad (personleg vara,
men fast medlem til august)

Kjell Olav Høstaker Nordheim (frå 12. aug.)
Reidar Knapstad (personleg vara)

Sekretær for rådet og dagleg leiar for verksemda

Rune Ziener

2.2 Soknerådsmøte og soknemøte

I 2019 var det 10 soknerådsmøte, og det vart handsama 58 saker (både sokneråds- og fellesrådssaker i møta). Det var soknemøte/årsmøte i Askvoll kyrkje 30. juni med 11 møtande med stemmerett.

2.3 Utval og komitéar (fram til ny soknerådperiode)

Administrasjonsutval

Jostein Gryte (leiar) med Aud Frøholm som varamedlem
Wenche Ness Gabrielsen (nestleiar) med Terje Mork som varamedlem
Oddgunn K. Grane som representant for dei tilsette
Rune Ziener

Forhandlingsutval

Wenche Ness Gabrielsen (leiar) med Terje Mork som varamedlem
Jostein Gryte (nestleiar) med Aud Frøholm som varamedlem
Rune Ziener

Arbeidsutval

Jostein Gryte (leiar)
Wenche Ness Gabrielsen (nestleiar)
Kjell Olav Høstaker Nordheim
Rune Ziener

Kyrkjelydsutval

Askvoll	Vilnes	Holmedal
Ingvild Loftheim	Else Stølen	Terje Mork
Aud Eldrid Frøholm	Gunn Sætre	Kari Berit Ness
Oddgeir Askevold	Agnar Vilnes	Jorunn Bull
Ingvild Strømmen	Edvin Landøy	Anne Grethe Lien
Arne Tjugum	Kjellaug Vilnes	Karen Espedal
Liv Hushagen	Esther Hugøy	

Kvammen	Bulandet
Marit Leknes Gryte	Arne Fedøy
Halldis Rørvik	Tone Nybø
Harald Ålen	Kathrin Sunde Rogne
Atle Selvik	Magnar Hillersøy
Leif Leknes	Synnøve Melvær
	Marit Veim Thistel
	Målfrid Hittun Fedøy

I Stongfjorden og Værlandet er det ikkje eige kyrkjelydsutval.

Trusopplæringsutval (har ikkje vore i funksjon i 2019)

Harriett Norstrand
Sigrid Lunde
Sidsel Anita Itland
Marit Veim Thistel

3.0 ADMINISTRASJON OG TILSETTE

Tilsette i soknet pr. 31.12.2019

Funksjon	Årsverk 2019	Årsverk 2018	Årsverk 2017	Årsverk 2016
Kyrkjeleg administrasjon	1,8	1,8	1,8	1,7
Kyrkjer	0,7	0,7	0,7	1
Gravplassar	0,7	0,7	0,7	0,7
Anna kyrkjeleg verksemd	0	0	0	0,5
Sum fastlønn	<u>3,2</u>	<u>3,2</u>	<u>3,2</u>	<u>3,9</u>
Timetilsette	Ca 0,55	Ca 0,55	Ca 0,55	Ca 0,55
Sum årsverk inkl. timetilsette	<u>3,75</u>	<u>3,75</u>	<u>3,75</u>	<u>4,45</u>

Kyrjekontoret held til i sentrum av Askvoll (i gamle heradsheimen), der ein disponerer 6 kontorplassar og møtelokale.

Askvoll sokneråd er medlem av Kirkelig arbeidsgiver- og interesseorganisasjon (KA) og er omfatta av KA sitt tariffområde.

Dei tilsette har pensjonsordning i KLP.

HMT-rapport 2019 (2018-tal i parentes)

HMT-årsrapport	Kartlagt/avdekkede avvik	Lukking/plan for lukking av avvik
Sjuefråver relatert til arbeidsmiljøet	0	-
Avviksmeldingar	0	-
Skademeldingar	0	-
Vernerunderapport	-	-
Tilstandsrapport – psykososial kartlegging	-	-
		Sjuefråversprosent 4,8 (8,7)

Merknad til HMT-rapporten: I 2019 har ein ikkje klart å følge opp gjeldande HMT-plan for verksemda.

4.0 KYRKJELEG VERKSEMD

4.1 Gudstenester og kyrkjelege handlingar. Statistikk

4.1.1 Gudstenester

Kyrkje/kapell	Tal gudsteneste					Tal deltakarar					Tal deltakarar pr. gudsteneste				
	2019	2018	2017	2016	snitt	2019	2018	2017	2016	snitt	2019	2018	2017	2016	snitt
Askvoll	22	21	23	27	23	1672	1712	1782	2172	1835	76	82	77	80	79
Vilnes	14	11	14	14	13	738	623	624	672	664	53	57	45	48	50
Holmedal	15	14	14	15	15	915	700	627	1008	813	61	50	45	67	56
Kvammen	12	11	7	14	11	737	743	401	764	661	61	68	57	55	60
Stongfj	2	1	4	3	3	75	40	117	183	104	38	40	29	61	42
Værlande	0	1	0	1	1	0	149	0	33	46	NA	149	NA	33	91
Bulandet	11	12	12	12	12	723	580	723	771	699	66	48	60	64	60
Sum/snitt	76	71	74	86	77	4860	4547	4274	5603	4821	59	70	52	58	63

Inkludert i tal gudstenester er nattverdsgudstenester, familiegudstenester (inkludert julaftan), skulegudstenester, og ikkje forordna gudstenester.

Det var ingen messefall i 2019.

Skulegudstenester:

I Askvoll, Kvammen og Vilnes var det skulegudsteneste med til saman 408 deltakarar.

Andakter/nattverdsgudstenester på Askvollheimen:

Det har vore 7 andakter (6 med nattverd) på Askvollheimen med totalt 177 (med 105 til nattverd) til stades.

Desse tala er ikkje med i statistikken ovanfor.

Nattverdsgjester (i gudstenestene):

	2019	2018	2017	2016	snitt
Askvoll	294	262	308	404	317
Vilnes	108	59	94	139	100
Holmedal	140	145	221	382	222
Kvammen	82	108	102	185	119
Stongfjorder	0	0	16	14	8
Værlandet	0	0	0	0	0
Bulandet	247	201	252	159	215
Snitt pr. år	871	775	993	1283	981

4.1.2 Kyrkjelege handlingar

Kyrkje/kapell	Døypte					Konfirmerte				
	2019	2018	2017	2016	snitt	2019	2018	2017	2016	snitt
Askvoll	9	15	9	13	12	5	5	12	12	9
Vilnes	4	4	2	11	5	5	5	10	9	7
Holmedal	10	3	5	4	6	4	4	7	6	5
Kvammen	4	4	1	3	3	6	4	1	7	5
Stongfjorden	1	0	2	0	1	3	1	0	3	2
Værlandet	0	0	2	1	1	0	5	0	0	1
Bulandet	6	3	2	7	5	2	4	7	3	4
Sum	34	29	23	39	31	25	28	37	40	33

Kyrkje/kapell	Vigde					Gravlagde*				
	2019	2018	2017	2016	snitt	2019	2018	2017	2016	snitt
Askvoll	4	1	4	5	4	10	20	17	13	15
Vilnes	1	1	0	0	1	6	7	3	2	5
Holmedal	1	1	1	2	1	8	10	10	5	8
Kvammen	0	0	1	0	0	2	4	7	3	4
Stongfjorden	0	0	0	0	0	3	2	6	2	3
Værlandet	0	0	0	0	0	1	1	0	3	1
Bulandet	0	1	0	0	0	2	6	3	8	5
Sum	6	4	6	7	6	32	50	46	36	41

* I tillegg til talet gravferdsseremoniar i tabellen var det til saman éi gravlegging i kategoriane ikkje-kyrkjeleg ordning/urnenedsetting.

4.2 Trusopplæring

Oversikt over trusopplæringstiltak som er gjennomført i soknet i 2018

Trass at ein ikkje har hatt kyrkjelydspedagog i 2019, har ein fått gjennomført fleire trusopplæringstiltak.

Alder	Namn på tiltak	Tal samvær	Omfang i timar
0 - 1	Dåpsfase	2	3
4	Utdeling av 4-års bok	1	2
6	Utdeling av 6-års bok	1	2
3-6	Kirkerotteteater	1	1
14 - 15	Konfirmasjon	21*	60
Total		26	68

*Samvær inneber her både konfirmantundervisning, leirhelg, nattcup og deltaking på gudstenester.

Oversikt over tal deltakarar per tiltak og oppslutnad i høve til målgruppa (årskulla i soknet)

Tiltak	Tal deltakarar	Tal jenter	Tal Gutar	Deltaking prosent	Tal i målgruppa
Dåp	35*	12	23	128%	28
4-årsbok	28	16	12	90%	31
6-årsbok	11	9	2	55%	20
Kirkerotteteater	50	26	24	47%	106
Konfirmasjon	25	16	9	86%	29
Total	149	79	70	70%	214

*Inkludert eit dåpsbarn døypt i anna sokn.

4.3 Kyrkjemusikk

Soknet arrangerte 8 kyrkjekonsertar/musikkandakter i eigen regi / i samarbeid med andre i 2019.

Totalt frammøte for desse var 532 besøkande.

Utanom dette vart det arrangert 1 kyrkjekonsert ved eksterne arrangørar med totalt 250 besøkande.

4.4 Diakoni

Framleis har ein ikkje fått etablert eit diakoniuval i soknet, og ein har heller ikkje nokon vedteke diakoniplan.

4.5 Misjon

Soknerådet har misjonsavtale med Det Norske Misjonsselskap og støttar prosjektet *Barn og unge i Thailand*. Totalt innsamla kyrkjeoffer til kyrkjelydens misjonsprosjekt var kr 11.624,- fordelt på 7 gudstenester.

4.6 Profilering og kommunikasjon

Kyrkjeblad

I 2019 fekk ein gitt ut tre nummer av kyrkjebladet for Askvoll i samsvar med planen.

Finansiering av trykkinga skjer ved frivilleg bladkontingent, annonser, kyrkjeofringar og gåver. I 2019 hadde ein eit underskot på kr 4.015,- for kyrkjebladet, dekkja inn med bruk av bunde fond for kyrkjeblad.

Heimesider

Frå mars 2014 fekk ein etablert eigne heimesider for soknet. Heimesidene er tenkt å vere den grunnleggjande informasjonsbasen, der publikum kan søkje opp relevant informasjon om soknet si verksemd.

Facebookprofil

I 2014 fekk ein også sett opp ei eiga Facebook-side for soknet. Funksjonen for Facebook-sida er primært annonserande og marknadsførande, samt at ein lenker til oppdateringar på heimesida. Kyrkja i Askvoll har 455 tilhengarar (pr. mars 2020), svakt opp frå 430 tilhengarar året før.

5.0 KYRKJER OG GRAVPLASSAR

5.1 Investeringar

Avslutta prosjekt 2019	Pågåande/ikkje-avslutta prosjekt 2019	Planlagde, men ikkje igangsette prosjekt 2019
Restaurasjon orgel i Askvoll kyrkje	Tilbygg/brannsikring Vilnes kyrkje	Parkeringsplass, Vilnes kyrkje/kyrkjegard
	Rehabilitering Holmedal kyrkje	Ny driftsbygning Askvoll kyrkjegard

Restaurasjon av orgelet i Askvoll

I 2019 har ein hatt full restaurasjon av kyrkjeorgelet i Askvoll kyrkje. Heile orgelet er plukka ned og restaurert. Ein har no eit fullfungerande orgel i Askvoll i svært god stand. Prosjektet er delfinansiert med gåvemidlar (om lag kr 250.000,-).

Totalkostnad på prosjektet (ekskl. MVA) var kr 957.847,-.

Rehabilitering Holmedal kyrkje

Det var budsjettert å ta hastetiltak på Holmedal kyrkje etter at ein fekk utarbeidd ein full tilstandsanalyse på kyrkjebygget. Det eine var ei nærmare kontroll av tårnet og det andre var sikring av trappa frå galleri og opp til klokketårnet. Dette siste har ein ikkje funne ei god løysing på.

Totalkostnad på prosjektet (ekskl. MVA) var kr 34.446,-. Dette inkluderer avsetning kr 9.446,- av unyttta midlar til ubunde investeringsfond.

Tilbygg ved Vilnes kyrkje og automatisk slokkeanlegg

Prosjektet låg opphavleg inne med ein budsjettsum ekskl. MVA på kr 1.960.000,-. Dette er nedbudsjettert i 2019 til kr 16.000,-, og ført opp på nytt i 2010.

Ein har i 2019 berre fått arbeid vidare med prosjektering. Godkjenning av nytt tilbygg frå Bjørgvin biskop og Riksantikvaren/fylkeskommunen låg føre først i november 2019.

Påløpne prosjekteringskostnader var kr 19.275,- i 2019.

Parkeringsplass ved Vilnes

Her har ein arbeid for å finne ei løysing som kan godkjennast av Riksantikvaren og fylkeskommunen, samt sikre råderett til høveleg grunn. Ein har så langt ikkje lukt med dette i 2019 eller hatt kostnader til prosjektet.

Driftsbygning Askvoll kyrkjegard

Ved utgangen av 2019 låg det inne søknad til Arbeidstilsynet om godkjenning av nybygget som arbeidsplass. Det har ikkje vore kostnader til prosjektet i 2019.

5.2 Vedlikehald, inventar og utstyr (tiltak i VU-plan)

Stongfjorden kapell

Bytta og reparert dører og vindu på Stongfjorden kapell.

Værlandet gravplass

Bytta vindu, reparert tak og malt på inngangsportal/klokkestøpul.

Bulandet gravplass

Kjøpt noko nytt slåtteutstyr.

Kvammen kapell

Grusing utanfor.

Kyrjekontoret

Nokre nye kontormøbler.

Ikkje realiserte tiltak i VU-plan 2019

- Ein fekk ikkje ferdig restaureringsarbeidet på lysekronene til Askvoll kyrkje i 2019
- Planlagt utbetring av vatningsløysingar på Gjelsvik og Vågane gravplass
- Reparasjon av hellegangen framfor Askvoll kyrkje fekk ein heller ikkje gjort.


6.0 ØKONOMI

6.1 Driftsrekneskapen

Askvoll sokn hadde i 2019 eit meirforbruk (underskot) på kr 14.998,- i driftsrekneskapen. Meirforbruket i drift er føreslege dekkja inn ved bruk av resterande beløp i disposisjonsfond, samt reduksjon i overføringar til investeringsrekneskapen.

Nøkkeltal

	Rekneskap 2019	Rev. budsjett	Rekneskap 2018
Driftsinntekter	5671214	4892000	4578891
Driftsutgifter	4733080	4971500	4612812
Brutto driftsresultat	<u>938134</u>	<u>-79500</u>	<u>-33921</u>
Netto finansinntekter	1115	0	1409
Netto driftsresultat	<u>939249</u>	<u>-79500</u>	<u>-32512</u>
Bruk av avsetninger	174655	211300	110426
Avsetninger	1128902	131800	150713
Rekneskapsmessig meirforbruk	<u>-14998</u>	<u>0</u>	<u>-72799</u>



Generell kommentar til rekneskapen:


Samla driftsinntekter i 2019 er kr 1.092.323,- høgre enn i 2018. Hovudårsaker til auken:

- Betydelege gåveinntekter i rekneskapskapittel kyrkje med kr 884.630,- mot kr 77.547,- førre år
- Tilskotet til trusopplæring var kr 126.843,- høgre enn førre år, der vi hadde nedtrekk p.g.a. vakanse

Samla driftsutgifter er opp kr 120.260,- frå 2018.


Her var kr 107.089,- i auke på lønn og sosiale kostnader og kr 44.102,- i auke til teneste- og varekjøp102.231,- frå 2017.

Driftsinntekter, driftsutgifter og kommunal rammeløyving 2010-2019




Pensjonsutgifter

Premien som er belasta i 2019 var kr 6.362,- lågare enn i 2018 og overføring frå premiefondet var kr 27.243,- lågare. Inkludert overføringar frå fondet var pensjonskostnaden kr 378.469,-.



Festeavgifter

Inntekt for festeavgifter ligg lågare i 2019 enn i 2018, og utgjer kr 66.750,- i rekneskapsåret. Dette er konsekvens av at det vert stadig vanskelegare å kartlegge ukjente festarar for gjenopptak av utløpte festeavtalar og at ein har innført fritak for festeavgift for alle graver yngre enn 30 år.



Kommentar til kvar teneste

04100 – Kyrkjeleg administrasjon

Denne tenesta gjekk omtrent i balanse med eit meirforbruk i forhold til budsjett på kr 10.139,-. Her er ingen vesentlege avvik frå budsjettet.

04200 – Kyrkjer

Avvik på tenesta med eit meirforbruk på kr 91.583,-. Største avvika her er kr 46.073,- meir brukt på fast lønn. Dette førte og til eit meirforbruk på arbeidsgivaravgift på kr 19.323,-.

Til vedlikehald og reparasjonar er brukt kr 26.500,- mindre enn budsjettet.

Heile kr 884.630,- kom inn i gåver til kyrkjene, og saman med midlar frå kyrkjeofringar er desse avsett til bunde fond knytt til kyrkjene med kr 903.526,-.

04300 – Gravplassar

Samla mindreforbruk på tenesta er kr 81.440,-.

Til vedlikehald og reparasjonar er brukt kr 46.060,- mindre enn budsjettet, då ein ikkje fekk gjort alle tiltak i vedlikehaldsplanen.

Tross låge festeavgifter i rekneskapsåret, samanlikna med tidlegare år, var det her ei meirinntekt på kr 32.750,- samanlikna med budsjettet.

04400 – Anna kyrkjeleg verksemd

Tenesta gjekk om lag i balanse med kr 10.817,- i mindreforbruk, som er sett i bunde fond for kyrkjelydsarbeid for å saldere tenesta.

04420 – Trusopplæring

Grunna framleis vakanse i denne stillinga i heile 2019 fekk ein eit overskot på deltenesta på kr 129.276,- og dette overskotet er avsett til bunde fond for trusopplæring. Hovudfinansieringa her er trusopplæringsmidlar frå rettssubjektet Den norske kyrkja. Ein hadde ikkje nedtrekk i tilskotet i 2019 og unyttta tilskotsmidlar kjem til frådrag i framtidige tilskotsrunder.

04479 – Kyrkjeblad

I 2019 gjekk kyrkjebladet med eit lite underskot. Underskotet, kr 4.015,- er dekkja inn med bruk av bunde fond for kyrkjeblad.


6.2 Investeringsrekneskapen

Samanlikna med tidlegare år har ein i 2019 som i 2018 hatt lite investeringar.


Samla investeringar soknet i 2019 var kr 1.267.058,-, der kr 1.245.128,- av desse var i anleggsmiddel og resterande kr 21.930,- var eigenkapitalinnskot/avsetning.

Finansieringa av dette fordelast slik:

Refusjonar (meirverdiavgiftskompensasjon)	Kr 243.005,-
Tilskot frå Askvoll kommune	Kr 762.000,-
Overført frå driftsrekneskapen	Kr 12.484,-
Bruk av avsetningar	Kr 249.569,-
Sum finansiering	Kr 1.267.058,-





Diagrammet nedanfor viser investeringane tre siste åra fordelt på prosjekt. Tala er inkludert meirverdiavgift.




6.3 Balanserekneskapen

	2019	2018	Endring
Bunde fond	2 035 299	1 343 103	692 196
Disposisjonsfond	1 914	74 713	-72 799
Ubunde investeringsfond	288 694	279 248	9 446
Rekneskapsmessig meir-/mindreforbruk	-14 998	-72 799	57 801
<u>Total</u>	<u>1 624 265</u>	<u>1 624 265</u>	<u>686 644</u>


Gjennom rekneskapsåret 2019 har det vore ein auke i summen av fondsmidlar og meir-/mindreforbruk på kr 686 644,-.



Bunde fond (sokneråd) pr. 31.12.



Bunde fond (fellesrådsmidlar) pr. 31.12.



7.0 FRAMBLIKK 2020-

- **Kyrkje- og gudstenesteliv**
 - *arbeide målretta for å fylle kyrkjene (t.d. med «Kyrkjedagane»)*
 - *arbeide for eit rikt og variert gudstenesteliv og øvrig kyrkjeliv*
- **Trusopplæring**
 - *revidere trusopplæringsplanen*
 - *iverksetje fleire av tiltaka i vedteken plan*
 - *revitalisere trusopplæringsutvalet*
- **Gjennomføringsevne for vedlikehalds- og investeringsprosjekt**
 - *auke gjennomføringsgrad og -hastighet*
- **Styrkje det strategiske arbeidet**
 - *visjonsformuleringar og målstyring*
 - *fokus på planarbeid, særleg for diakoni og kyrkjemusikk*
- **Gravplassforvaltning**
 - *komme ajour med festeavtalar*
 - *finne løysingar for betre gravplassvedlikehald*
- **HMT-arbeid for verksemda og arbeidsmiljø**
 - *implementere HMT-systemet*
 - *satse på kompetanse- og personalutvikling*

20.03.2020

Rune Ziener